



## Aust-Telemark vassområde

## Møteprotokoll

**Møte** : Styringsgruppemøte  
**Møtestad** : Rjukan, Rådhuset Torget 1, formannskapssalen  
**Møtedato/-tid** : 20.mai kl 10 -13  
Møteleiar: Lars Bjaadal Møtereferent: Liv R. Flå

---

### STYRINGSGRUPPA:

#### Til stades:

Lars Bjaadal, Sp	Telemark fylkeskommune
Lise Wiik, A (vara)	Telemark fylkeskommune
Birger Hovden, A	Tinn kommune
Lena Romtveit, Sp	Vinje kommune
Aslak Ofte, Sp (vara)	Vinje kommune

#### Forfall:

Edgar Gundersen, solidaritetslista	Notodden kommune
Arvid Løwer, Sp (vara)	Notodden kommune

### ARBEIDSGRUPPA:

#### Til stades:

Ingrid Strande	Telemark fylkeskommune
Marte Berdahl	Notodden kommune
Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt	Vinje kommune
Liv R. Flå	Prosjektleder

#### Forfall:

Arne Kjellsen	Fylkesmannen i Telemark
---------------	-------------------------

Nr.	Sak
<b>01.01</b>	<b>Om vassforskrifta, Vest-Viken vassregion og Aust-Telemark vassområde</b> Ingrid Strande informerte om arbeidet etter vassforskrifta i Vest-Viken vassregion og Aust-Telemark vassområde på ein oversiktleg og informativ måte.
<b>01.02</b>	<b>Forslag til prosjektplan for Aust-Telemark vassområde</b> Prosjektleder gjekk gjennom forslag til prosjektplan.  <u>Forslag til vedtak:</u> Styringsgruppa legg prosjektplanen datert 10.05.11 til grunn for arbeidet i vassområdet.



	<p><u>Merknader til forslaget:</u> Referansegruppa må supplerast med småkraftforeininga.</p> <p>For å finansiere driftsbudsjettet etter at det er klårt at regulanten ikkje ønskjer å vera med å finansiere drifta av prosjektet, må bidraga frå kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannen aukast i høve til det opprinneleg budsjettforslaget vedteken av kommunestyra i Vinje, Tinn og Notodden. Dette ekstra bidraget bør fordelast mellom kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannen etter den opprinnelege fordelingsnøkkelen. (For perioden 2011-2014 betyr dette ein total budsjettauke på kr. 89.000 for Tinn kommune, og ein auke på kr. 43.250 for Vinje kommune, Notodden kommune, fylkesmannen og fylkeskommunen.)</p> <p>Styringsgruppa må koma tilbake til finansiering av eit overvakingsbudsjett for vassområdet.</p> <p>Vassområdet må gjennom VRM arbeide for auka statlege løyvingar.</p> <p><u>Vedtak:</u> Merknadene blir innarbeida i prosjektplanen.</p> <p>Manglande finansiering av driftsbudsjettet på kr. 262.000 for perioden 2010-2014, i høve til opprinneleg budsjett, må fordelast mellom kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannen etter den opprinnelege fordelingsnøkkelen.</p> <p>Styringsgruppa må koma tilbake til finansiering av eit overvakingsbudsjett for vassområdet.</p> <p>Vassområdet må gjennom VRM arbeide for auka statlege løyvingar.</p> <p>Styringsgruppa legg prosjektplan for Aust-Telemark vassområde datert 20.05.11 til grunn for arbeidet i vassområdet.</p>
<b>01.03</b>	<b>Val av leiar i styringsgruppa</b> Lars Bjaadal vart einstemmig vald til leiar.
<b>01.04</b>	<b>Høyring av planprogrammet for Vest-Viken vassregion</b> <u>Forslag til vedtak:</u> Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde har samanstilt høyringssvara frå Tinn, Vinje og Notodden kommunar til ein felles uttale på forslaget til planprogram for Vest-Viken vassregion som følgjande: <ul style="list-style-type: none"><li>• Det bør presiserast betre i planprogrammet kva krav dei ulike sektorane har til å bidra i planarbeidet, fagleg og økonomisk (kap. 3.3).</li><li>• For å skaffe eit tilfredstillande fagleg grunnlag for gjennomføringa av vassforskrifta, er det naudsynt med nok faglege og økonomiske ressursar til karakteriseringsarbeidet i prosjektet.</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>• Planprogrammet bør informere betre om ”sterkt modifiserte vassdrag”(SMVF), d.v.s. kort om kriteriar for SMVF, utpeiking av kandidatar til SMVF, og endeleg utpeiking til SMVF, og elles vise til karakteriseringsrettleiaren på dette temaet (kap.6).</li></ul> <p>Ingen merknader.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde har samanstilt høyringssvara frå Tinn, Vinje og Notodden kommunar til ein felles uttale på forslaget til planprogram for Vest-Viken vassregion som følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det bør presiserast betre i planprogrammet kva krav dei ulike sektorane har til å bidra i planarbeidet, fagleg og økonomisk (kap. 3.3).</li><li>• For å skaffe eit tilfredstillande fagleg grunnlag for gjennomføringa av vassforskrifta, er det naudsynt med nok faglege og økonomiske ressursar til karakteriseringsarbeidet i prosjektet.</li><li>• Planprogrammet bør informere betre om ”sterkt modifiserte vassdrag”(SMVF), d.v.s. kort om kriteriar for SMVF, utpeiking av kandidatar til SMVF, og endeleg utpeiking til SMVF, og elles vise til karakteriseringsrettleiaren på dette temaet (kap.6).</li></ul>
<b>01.05</b>	<b>Vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet</b> <u>Forslag til vedtak:</u> Arbeidsgruppa arbeider vidare for å skaffe eit godt grunnlag til å vurdere/prioritere ”vesentlege spørsmål” i vassområdet, og for å få ein god prosess som skaper brei medverknad frå brukarinteressene i dette spørsmålet.  Ingen merknader.  <u>Vedtak:</u> Arbeidsgruppa arbeider vidare for å skaffe eit godt grunnlag til å vurdere/prioritere ”vesentlege spørsmål” i vassområdet, og for å få ein god prosess som skaper brei medverknad frå brukarinteressene i dette spørsmålet.
<b>01.06</b>	<b>Eventuelt</b> Det vart stilt spørsmål frå prosjektleiar om det er ønskjeleg at arbeidsgruppa deltek på møta styringsgruppa. Synspunkta var at det er formålstenleg at arbeidsgruppa stiller.  Det vart stilt spørsmål frå prosjektleiar om nokon av møtedeltakarane ønskjer innkalling, sakspapir og møteprotokoll i papirformat. Ingen uttrykte ønskje om dette, så elektronisk utsending blir også nytta vidare.



Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde,

Lars Bjaadal  
leiar

Vedlegg: Prosjektplan for Aust-Telemark vassområde, versjon 20.05.11